

Selskapsavtale

for

Alarmsentralen

**INTERKOMMUNALT
SELSKAP (IKS)**

ORG.NR. 971361883

Innhold:

§1 SELSKAPET	3
§2 SELSKAPET SITT FØREMÅL OG OPPGÅVER	3
§3 EIGARSKAP I SELSKAPET – EIGAR- OG ANSVARSDDEL	4
§4 SAL AV TENESTER FRÅ SELSKAPET	5
§5 ORGANISASJON	5
§6 ØKONOMI	8
§7 FORVALTNINGSPRAKSIS	8
§8 INN- OG UTMELDING AV SELSKAPET	8
§9 OPPLØYSNING AV SELSKAPET	9
§10 TVIST	9
§11 ENDRING AV SELSKAPSAVTALEN	9
§12 ANDRE REGLAR	9
§13 IVERKSETJING	10

§1 SELSKAPET

Alarmsentralen IKS er eit interkommunalt selskap som byggjer på Alarmsentralen i Sogn og Fjordane med heimel i *Lov om interkommunale selskaper av 29.01.1999, nr.6.(LIS)* Selskapet har sitt hovudkontor i Florø.

Deltakarkommunane går fram av § 3 nedanfor.

Selskapet sitt namn er: Alarmsentralen IKS.

Selskapets forretningskommune er Kinn kommune.

§2 SELSKAPET SITT FØREMÅL OG OPPGÅVER

Føremål:

Alarmsentralen sitt føremål er å vere eit respons-, tryggleiks-, og kompetansesenter for deltakarkommunane.

Selskapet skal sikre gode tenester for innbyggjarane i kommunane prega av kvalitet, tryggleik, kunnskapsbasert og einskapleg behandling, tilgjengelegheit, service og god brukaropplevd kvalitet.

Oppgåver:

Alarmsentralen sine oppgåver er mellom anna:

- Å vere eit respons- og kompetansesenter innan tryggleiksalarmer og velferdsteknologi, herunder:
 - Mottak og formidling av alarmer.
 - Felles innkjøp og levering av tryggleiksalarmer.
 - Samkøyring av rammeavtale som omhandlar innkjøp av velferdsteknologi.
 - Kompetansesenter for opplæring og deling av kunnskap.
 - Andre tilstøytande oppgåver
- Utføre mottak og formidling av tekniske alarmer (automatiske brannalarmer, innbrotsalarmer, heisalarmer og andre tekniske alarmer) for deltakarkommunane samt private aktørar som ønskjer å knyte seg til sentralen.

Etter oppmoding frå ein eller fleire kommunar, kan selskapet ta på seg nye oppgåver som det er naturleg å utøve.

§3EIGARSKAP I SELSKAPET – EIGAR- OG ANSVARSDDEL

Det vert kravd deltaking i alle deltenester for at ein kommune skal bli registrert som deleigar av selskapet. Kommunar som nyttar seg av deltenester, må stå som kjøpar av tenestene.

Eigardel og ansvarsdel i selskapet fordeler seg prosentvis etter folketal i kommunane. Per 01.01.2021 er eigarskap og ansvarsdel som følgjer:

Kommune	Kommune nr.	Folketal	Eigardel
Kinn	4602	17 122	16,26020893
Hyllestad	4637	1 295	1,22981956
Høyanger	4638	4 067	3,86229820
Vik	4639	2 626	2,49382716
Sogndal	4640	11 921	11,32098765
Aurland	4641	1 779	1,68945869
Lærdal	4642	2 139	2,03133903
Årdal	4663	5 172	4,91168091
Luster	4644	5 193	4,93162393
Askvoll	4645	2 998	2,84710351
Fjaler	4646	2 844	2,70085470
Sunnfjord	4647	22 055	20,94491928
Bremanger	4648	3 592	3,41120608
Stad	4649	9 489	9,01139601
Gloppen	4650	5 890	5,59354226
Stryn	4651	7 118	6,75973409
Folketal pr.01.01.2021		105 300	100,00000000

Kommunane skal dekke selskapet sine kostnader etter den fordelingsnøkkel som gjeld for ansvarsfordelinga, jfr. §7. Refusjon for kostnader som selskapet har skal reknast etter sjølvkost.

Selskapet kan ta opp lån innanfor vedteke låneramme, som er på MNOK 8.

I samsvar med § 22 i lov om interkommunale selskap, skal låneopptak godkjennast av Fylkesmannen dersom ein eller fleire av kommunane er i ROBEK-registeret, jfr. kommunelova kapittel 28.

Eigarkommunane pliktar å samarbeide med selskapet og delta på like vilkår i samarbeidet, herunder ha tilgang på dei same tenestene og lik deltaking i selskapet sine styrande organ.

Selskapet har det koordinerande ansvaret for all informasjonsaktivitet overfor innbygarane i regionen.

§4 SAL AV TENESTER FRÅ SELSKAPET

Selskapet kan selje tenester. Sal av deltenester skal skje på bakgrunn av vedtak i styret.

§5 ORGANISASJON

Representantskapet er selskapet sitt øvste myndigheitsorgan. I samsvar med § 6 i lov om interkommunale selskaper skal medlemar og varamedlemer av representantskapa veljast av eigarkommunane.

Selskapet skal ha eit styre.

REPRESENTANTSKAPET

a. Samansetning og funksjonstid

Kvar kommune vel eit medlem til representantskapet. Funksjonstida er 4 år og fell saman med den kommunale valperioden.

Ved utløpet av valperioden fungerer representantskapet til nytt representantskap er valt. Representantskapet vel leiar og nestleiar med funksjonstid på 4 år.

b. Representantskapsmøtet og representantskapet sitt mynde

- Representantskapet held møte når leiaren bestemmer det, eller når minst 2 medlemerkrev det.
- Representantskapet held minst eitt møte pr. år.
- Representantskapsmøtet vert kalla inn av representantskapsleiar med minimum 4 vekers varsel.
- Det skal skrivast protokoll frå møta som skal underteiknast av representantskapsleiar og to av representantskapet sine andre medlemar.

c. Representantskapsmøtet og representantskapet sitt mynde og gjeremål

Representantskapet skal ta opp, handsame og fatte vedtak vedrørande:

- Styret si årsmelding, rekneskap og balanse
- Styret sitt framlegg til budsjett, økonomiplan og handlingsplanar
- Framlegg frå styret om låneopptak og pantsetting av selskapet sine aktiva
- Fullmakter til styret vedrørande selskapet si organisering og drift

d. Val i representantskapet

Representantskapet skal velje:

- Leiar og nestleiar i representantskapet
- 5 medlemar til styret med 2 varamedlemer,
- Leiar og nestleiar til styret. (Ikkje på val samtidig).
- Leiar og nestleiar i representantskapen utgjør valnemnda
- Revisor for selskapet

e. Andre tilhøve

- Gyldig vedtak kan berre treffast når minst halvparten av medlemane er til stades, og vert fatta ved simpelt fleirtal. Ved stemmelikskap er representantskapsleiar si stemme avgjerande.
- I saker som vedkjem låneopptak og pantsetting av selskapet sine aktiva, skal det gjerast vedtak ved 2/3 fleirtal.
- Dagleg leiar og styreleiar har plikt og rett til å være tilstades under representantskapet sine forhandlingar, og med tale- og forslagsrett, men utan stemmerett.
- Vedtak i representantskapsmøtet må godkjennast av eigarkommunane i den utstrekning dette er naudsynt etter Kommunelova eller anna lovverk
- Rådmennene i eigarkommunane har møte og talerett i representantskapet

Representantskapet fastset godtgjersle til leiar og medlemar i representantskapet, styret sin leiar og medlemar av styret.

STYRET

a. Samansetning og funksjonstid

Styret består av 5 medlemar. Eit medlem frå kvar av regionane Sogn – Sunnfjord og Nordfjord. Eit medlem frå vertskommunen og eit medlem valt av dei tilsette, jfr. § 10 i lov om interkommunale selskap.

Dagleg leiar eller representantskapsmedlem kan ikkje vere medlem av styret. Styret har ei funksjonstid på 2 år.

b. Styret - møter, mynde og gjeremål

Leiaren i styret kallar inn til møte så ofte det er behov for det. Medlem av styret og dagleg leiar kan krevje møte i styret. Innkallinga skal som hovudregel skje med ei - 1 - veke varsel.

Det skal førast protokoll for styret sine møter. Protokollen skal underskrivast av dei medlemane som er til stades i møte. Ved stemmelikskap er leiar si stemme avgjerande. Dagleg leiar i selskapet har rett og plikt til å møte i styret sine møter med tale- og forslagsrett, men ikkje stemmerett.

Styret utøver den løpande forvaltninga av selskapet sine interesser på bakgrunn av selskapsavtalen, styreinstruks, fullmakter frå representantskapet og det til ei kvar tid gjeldande lovverk.

Styret tilset dagleg leiar, og avgjer prinsipielle spørsmål knytt til lønns- og arbeidsvilkår for alt personell i selskapet. KS sitt avtaleområde skal ligge til grunn for Alarmsentralen sine løns- og arbeidsvilkår.

Styret sin kompetanse til å inngå kontraktar vert avgrensa oppover

til ein verdi av kr 500.000

Dagleg leiar eller styreleiar teiknar for selskapet. Dersom dagleg leiar teiknar for selskapet skal styret orienterast ved første høve.

ADMINISTRASJON

Selskapet vert leia av ein dagleg leiar, tilsett av styret.

Dagleg leiar har det løpande administrative og økonomiske ansvaret for selskapet og har den løpande leiinga av selskapet.

Dagleg leiar har ansvaret for å utgreie og legge fram forslag i saker som skal til handsaming i styret, og å sette i verk dei vedtak som selskapet sine organ fattar. Dagleg leiar utøver sekretærfunksjonen for styret og er dataansvarleg for selskapet.

Selskapet skal organiserast med den bemanning som til ei kvar tid er naudsynt, og innafor dei budsjetttrammer og handlingsplanar representantskapet har fastsett.

Dagleg leiar kan knyte til seg uformelle, rådgjevande faggrupper.

Dagleg leiar har ansvar for internkontroll

FAGRÅD

Det kan opprettast fagråd for aktivitetsområde selskapet yter tenester til for kommunane. Fagrådet skal vere eit rådgjevande organ for dagleg leiar.

Det blir utarbeidd egne statuttar for fagrådet.

Det skal minimum være eit fagråd. Dette gjeld helse- og omsorgsområdet der kommunane skal være representert.

§6 ØKONOMI

GENERELLE VILKÅR

Selskapet sine driftskostnader blir dekket gjennom innbetaling frå eigarkommunane etter følgjande fordelingsnøkkel: 90 % av kostnadane fordelast etter innbyggjartal og 10 % fordelast likt mellom kommunane

Eventuelle eigendelar skal fastsettast i samband med budsjett for kommande år eller økonomiplan.

Selskapet finansierer investeringane sine gjennom bruk av eigen fondskapital, kapitalinnskott frå kommunane og lån med sikkerheit i aktiva.

Selskapet skal legge fram rekneskap etter kommunale rekneskapsprinsipp, og det skal utarbeidast årlege budsjett og fireårig økonomiplan.

Selskapet krev årleg inndeckning av utgiftene frå kommunane i samsvar med avtalt ansvars- og delingsmodell. Innbetaling til selskapet skjer i byrjinga av året med betalingsfrist 01.02.

FORDELING AV DRIFTSKOSTNADANE:

Direkte kostnader til handtering av alarmmotak (sensorar og alarmer) vert kostnadsført slik at kommunane har høve til å utarbeide regulativ for brukarbetaling.

§7 FORVALTNINGSPRAKSIS

Selskapet skal bruke vanleg kommunal forvaltningspraksis.

§8 INN- OG UTMELDING AV SELSKAPET

Innmelding av nye eigarkommunar kan skje dersom representanskapen godkjenner dette. I ein slik situasjon skal ansvarsfordelinga i denne selskapsavtalen reviderast med bakgrunn i folketalet ved føregåande årsskifte, og dei nye eigarkommunane skal betale inn eit kapitalinnskott og ta på seg eit garantiansvar for lån som tilsvarar den reviderte ansvarsdelinga. Eigenkapitalen og den samla gjeld skal fastsetjast på bakgrunn av siste avlagte rekneskap.

Den einskilde kommune har ei bindingstid på 3 år rekna frå ny selskapsavtale vert vedteken.

Dersom ein kommune, etter utløpet av bindingstida, ønskjer å melde seg ut av samarbeidet eller gjere vesentlege endringar som påverkar organisering og økonomi, gjeld ei oppseiingstid på eitt år med verknad frå 1. januar – slik at

eventuell oppseiing må varslast seinast innan utgangen av desember, dvs. 12 månader før oppseiing vert sett i verk.

Utløysning frå selskapet vil då først kunne skje ved utgangen av påfølgjande år.

Utløysingssum vert utrekna med utgangspunkt i selskapet sin netto eigenkapital ved siste rekneskapsavslutning før utmelding og ut frå fordelingsprinsippa i §3. Denne verdien kan likevel ikkje overstige verdien av dei midlar vedkommande kommune har skote inn.

Kommunen som har meldt seg ut av selskapet fortset å hefte for sin del av gjelda selskapet måtte ha på det tidspunkt kommunen formelt går ut av selskapet.

Oppseiing av eigarforhold kan representantskapet bringe inn for departementet.

§9 OPPLØYSNING AV SELSKAPET

Eigarkommunane kan etter semje krevje selskapet oppløyst. Vedtaket krev i tillegg godkjenning frå Statsforvaltaren i Vestland.

Ved oppløysning av selskapet skal aktiva og passiva fordelast på medlemskommunane med bakgrunn i gjeldande ansvarsfordelingsnøkkel, jf. § 3.

§10 TVIST

Oppstår det tvist mellom eigarkommunane om forståinga og gjennomføringa av denne selskapsavtalen, skal tvisten avgjerast med bindande verknad for alle medlemskommunar av ein voldgiftsrett på 3 medlemar i medhald av reglane i lov om voldgift.

Før ein går til voldgift skal eigarkommunane i fellesskap ha drøfta og prøvd å finne moglege løysingar.

§11 ENDRING AV SELSKAPSAVTALEN

Endring av selskapsavtalen som gjeld forhold som omtala i IKS-lova § 4 tredje ledd, krev tilslutning frå samtlige medlemmer av representantskapet. Andre endringar i selskapsavtalen vedtakast av representantskapet med tilslutning frå minst 2/3 av dei gitte stemmene, jf. IKS-lova § 4 andre ledd.

§12 ANDRE REGLAR

Lov om interkommunale selskap av 29.01.1999, nr.6, gjeld fullt ut i tillegg til

denne selskapsavtalen. Ved eventuell motstrid mellom selskapsavtalen og nemnde lov, gjeld lova framfor selskapsavtalen.

§13 IVERKSETJING

Denne selskapsavtalen er gjeldande frå og med 01.02. 2021